




Turløype Manger

-  1. byggetrinn raud
-  2. byggetrinn grøn
-  3. byggetrinn blå

Samarbeidsavtale, grusa turløype Manger sentrum

Avtalepartar:

Radøy kommune org nummer osv

Manger Idrettslag org nummer osv

Radøy kommune og Manger IL har XXXDATO inngått følgjande avtale om opparbeiding og drift av grusa trimløype med lys i Manger sentrum;

Radøy kommune og Manger IL skal i fellesskap opparbeida grusa turløype med lys i området Prestegardshagen-Grønålen-Nesvatnet. Detaljert skisse av prosjektet føl som vedlegg til denne kontrakta.

Arbeidet med turløypa skal starta opp første kvartal 2016, og utbygginga skal gjennomførast utan unødvendig opphald.

Rett til bruk av grunn;

Manger IL stiller til disposisjon i minimum 20 år, grunn til dei delane av løypa som ligg på idrettslaget sin eigedom.

Radøy kommune stiller til disposisjon i minimum 20 år, grunn til dei delane av løypa som ligg på offentleg eigedom.

Manger IL sine forpliktelsar i opparbeiding av løypa;

Idrettslaget forpliktar seg til å gjennomføra skogrydding på dugnad. Vidare deltaking i utlegging av duk og straumkabel etter nærare avtale med entreprenør.

Radøy kommune sine forpliktelsar i opparbeiding av løypa;

Radøy kommune forpliktar seg til å gjennomføra prosjektering og anbudsprosess, samt halda byggjeleing i prosjektet.

Økonomi;

Manger IL forpliktar seg til å stå for søknad om spelemidlar til prosjektet. Vidare pliktar idrettslaget å søkja støtte til prosjektet frå tilgjengelege fond, lokalt næringsliv samt andre aktuelle aktørar.

Idrettslaget forpliktar seg særskilt til å søkja å få til ekstern finansiering av enkeltpunkt i løypa kor det ligg til rette for slike løysingar.

Radøy kommune forpliktar seg til å delta med totalt 2 millionar kroner, avsett i økonomiplanen for 2016-2019. Radøy kommune forpliktar seg vidare til å forskottera utlegg ut over denne summen, i påvente av utbetaling av spelemidlar og andre løyvingar.

Partane er samde om at opparbeiding av løypa kan delast opp i tre byggjetrinn dersom spørsmålet om finansiering krev dette.

Byggjetrinn 1 skal då vera sløyfa frå Grønålen gjennom Bøkeskogen og Prestegardshagen og attende til Grønålen.

Byggjetrinn 2 skal vera sløyfa frå Grønålen mot Nesvatnet, Prestmarka og attende til Grønålen.

Byggjetrinn 3 skal vera lysanlegg.

Drift;

Manger Idrettslag og Radøy kommune skal stå saman om drift av turløypa.

Manger Idrettslag forpliktar seg til årleg ryddedugnad, inkludert fjering av årsskot/kratt mm.

Radøy kommune forpliktar seg til å dekkja kostnad med straum for lysanlegg.

Manger Idrettslag og Radøy kommune dekkar saman kostnaden med etterfylling grus.

Radøy kommune forpliktar seg til å halda friområdet ved Nesvatnet i god stand.

Vidare utvikling av løypa;

Avtalepartane er samde om at det er ønskeleg å vidareutvikla løypa ut over det som framgår av denne kontrakta. Det er difor ei langsiktig målsetnad for partane å utvikla nærmiljøanlegg, utsiktspunkt med kvilebenkar med meir knytt til turløypa eller nærområda løypa går gjennom.

Varigheit for avtalen;

Avtalen kan tidlegast seiast opp 20 år etter inngåing. Kvar av partane kan etter at denne tida har gått, be om reforhandling med 6 månaders førvarsel.

Gjensidig oppseiingstid med verknad frå XXX dato 2036 er 1 år.

Ved ein eventuell kommunesamanslåing, pliktar Radøy kommune å syta for at avtalen vert ført vidare av den nye kommunen.

Dato Signaturar mm

